

Din Heim AS  
Alexander Landa  
Fonnes 70  
5953 FONNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/1004 - 23/8239

Saksbehandlar:  
Asbjørn Nagell Toft  
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:  
15.09.2023

## Løyve til frådeling av regulert bustadområde og regulert naust på gbnr 131/2 - Fonnes

### Administrativt vedtak. Saknr: 121/23

Vi syner til søknad motteke 04.09.2023

### Vedtak

Austrheim kommune gjev løyve til omsøkt frådeling av areal regulert til bustad og areal regulert til naust på gbnr. 131/2 på Fonnes. Det vert to nye bruksnummer på dei to frådelte areala. Grunngevinga for vedtaket er at delingssøknaden er i tråd med godkjent områdereguleringplan for Nordre Fonnesvågen. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1.

### Saksutgreiing:

Det er den 04.09.2023 søkt om frådeling av om lag 8,5 dekar regulert bustadareal og om lag 90 m2 regulert naust på gbnr. 131/2. Det er veggilv naust som kan frådelast her, dette er søkjar informert om i telefon, om ikkje så vart det ein dispensasjonssøknad, det ynskte ikkje søkjar å gjera. Kommuneplanen sin arealdel styrer dette på ein klar måte. Naudsynte rettar til gangveg, inn og ut med båt til naustet og vedlikehald av naust bør tinglysast i skøyte. Søkjar viser følgjande

delingsøknad på kart under:



### **Regulert bustadområde og regulert naust vist på delingskartet i søknad**

Landbrukseigedomen har ein regulert naustomtt att i nærleiken av våningshuset og gardstunet, så Austrheim kommune ivaretek nausttretten til eigedomen på gbnr. 131/2.

Reguleringsplanen godkjent i kommunestyret den 02.09.2015 er i tråd med delingssøknad. Områderegulering for Nordre Fønnesvågen vart stadfesta av Fylkesmannen i Hordaland den 09.02.2016. Vedtaket der som er endeleg var:

#### **Vedtak**

**Fylkesmannen i Hordaland stadfestar Austrheim kommunestyre sitt vedtak av 02.09.2015, sak 074/15.**

Søkjar har nabovarsla søknaden på vanleg måte. Det er ikkje kome inn negative nabomerknadar i saka. Det er gjeve fullmakt til søkjar frå anna eigar av gbnr. 131/2 til denne delingssøknaden. Planen til søkjar er å byggja bustadar på gbnr. 131/2 og selja landbrukseigedomen på gbnr. 131/2 til nokon som skal flytta til kommunen.

Vegtikomst og tilknytning til kommunalt vatn og avløp let seg løysa på sikt for bustadområdet. Austrheim kommune ser at delinga er i tråd med plan- og bygningslova og områdeplanen for Fønnes, og at naudsynte tiltak knytt til eigedomen kan løysast.

Saka er send over til vår oppmålingsingeniør for vidare kartforretning. Det skal opprettast to nye gards- og bruksnummer for dei to frådeltte eigedommane.

Lykke til med delingsarbeidet vidare.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

**Vedlegg:**

**Kopi til:**

Alf Kvant

**Mottakere:**

Din Heim AS

Fonnes 70

5953

FONNES